



Arkiv: FE-610  
JournalpostID: 21/602  
Saksbehandlar: Njell Hoftun  
Dato: 15.01.2021

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 08/21	Nærings- og utviklingsutvalet	25.01.2021
PS 08/21	Formannskapet	01.02.2021
PS	Kommunestyret	

### Kaiområdet - vurdering framtidig bruk

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

#### Nærings- og utviklingsutvalet - 08/21

#### **NU - behandling:**

Framlegg til vedtak, foreslått av Anita Bente Kjersheim, Senterpartiet

Felles framlegg til vedtak:

Nærings- og utviklingsutvalet held fast ved at arealet på godsterminaltomta skal nyttast til utbyggingsføremål jfr. Reguleringsplanen. nærings- og utviklingsutvalet ber administrasjonen gå vidare med avklaring om felles bruk av arealet på godsterminaltomta i samarbeid med REN Eiendom

Sjøfronten i kommunal eige, foreslått av Trond Bonesmo, Høgre

Nærings- og utviklingsutvalet ynskjer at sjøfronten i størst mogleg grad er i kommunalt eige. Dette for å ha areal for framtidige kommunale byggeprosjekt som til dømes nytt rådhus, ny symjehall eller bygg tilknytt forminna på Auremarka.

Samfunnsplanleggar Njell Hoftun orienterte og svara på spørsmål.

Trond Bonesmo (H) ba om gruppemøte. Dette vart innvilga.

Forslag til felles framlegg til vedtak frå Anita Kjersheim (SP):

Nærings- og utviklingsutvalet held fast ved at arealet på godsterminaltomta skal nyttast til utbyggingsføremål jfr. Reguleringsplanen. nærings- og utviklingsutvalet ber administrasjonen gå vidare med avklaring om felles bruk av arealet på godsterminaltomta i samarbeid med REN Eiendom  
AS

Forslag til framlegg til vedtak frå Trond Bonesmo (H):

Nærings- og utviklingsutvalet ynskjer at sjøfronten i størst mogleg grad er i kommunalt eige. Dette for å ha areal for framtidige kommunale byggeprosjekt som til dømes nytt rådhus, ny symjehall eller bygg tilknytt forminna på Auremarka.

Votering:

9 røysteføre.

Framlegg til vedtak frå Trond Bonesmo (H) fekk 2 røyster

Framlegg til vedtak frå Anita Kjersheim (SP) fekk 7 røyster og vart vedteke.

Trond Bonesmo (H) og Henning Sølvik (H) røysta imot.

**NU - Vedtak:**

Nærings- og utviklingsutvalet held fast ved at arealet på godsterminaltomta skal nyttast til utbyggingsføremål jfr. Reguleringsplanen. nærings- og utviklingsutvalet ber administrasjonen gå vidare med avklaring om felles bruk av arealet på godsterminaltomta i samarbeid med REN Eiendom AS

Formannskapet - 08/21

**FSK - behandling:**

Forslag om utsetting, foreslått av Olav Harald Ulstein, Framstegspartiet

Formannskapet viser til det store engasjementet i saka, og finn det mest riktig å utsette saka til det kan avhaldast fysiske møter i formannskap, og kommunestyret.

Forslag til vedtak, foreslått av Hans Petter Brunstad Sørensen, Arbeiderpartiet

Forslag frå Hans Petter Brunstad Sørensen AP og Olav Harald Ulstein Frp:

-Pkt. 1 Formannskapet stiller seg i utgangspunktet ikkje negativt til at Rema 1000 etablerer seg på kaiområdet, men kan ikkje gå inn for planane slik dei ligg føre no. Formannskapet ynskjer å behalde større del av det kommunale arealet. Kommunen ber Ren eigedom om å flytte bygningsmassen lenger nord, og nytte areal som dei eig i dag. Kommunen og Ren eigedom må finne ei felles løysing

på parkeringa syd for ny plassering av butikkbygninga.

-Pkt. 2 REN må presentere for formannskapet teikningar i 3d og andre målsette teikningar som viser høgde, lengde, breidde og stigningsgrader på tak.

-Etter endt avklaring, skal saka tilbake til formannskapet for vidare handsaming.

Ekstra pkt framsett av Hans Petter Brunstad Sørensen AP

Pkt 3. Det må lagast ein heilheitsplan for heile området. Frå Klokkfabrikken til småbåthavna som viser gangveg langs sjøen, aktivitetsområde (f.eks. skøytebane), messeområde og andre element som gagnar almennheita.

Forslag til utsetningsvedtak, foreslått av Torill Velle, Høgre

Med bakgrunn i framlagte presentasjonar ber formannskapet administrasjonen om å sjå vidare på mulighetsrommet for ein kombinasjon mellom privat næring og ein attraktiv møteplass på tomte. Kravene som definerer mulighetsrommet vil både være uttrykk for det faglige, for eksempel hva som er teknisk og praktisk mogleg, men også det politiske, for eksempel de overordnede rammebetingelser som har med økonomi og juridiske avtaler å gjø̀re. Saka blir derfor utsatt til dette er meir avklart.

Kommuneplanleggar Njell Hoftun orienterte.

Dei to utsetningsforslaga vart sett opp mot kvarandre.

H v/Torill Velle sitt forslag fekk 5 røyster og vart vedteke og Frp v/Olav Harald Ulstein sitt forslag fekk 4 røyster og fall.

Etter at utsetting var vedteke, vart forslaget frå AP v/Hans Petter Brungstad Sørensen ikkje røysta over.

#### **FSK - Vedtak:**

Med bakgrunn i framlagte presentasjonar ber formannskapet administrasjonen om å sjå vidare på mulighetsrommet for ein kombinasjon mellom privat næring og ein attraktiv møteplass på tomte. Kravene som definerer mulighetsrommet vil både være uttrykk for det faglige, for eksempel hva som er teknisk og praktisk mogleg, men også det politiske, for eksempel de overordnede rammebetingelser som har med økonomi og juridiske avtaler å gjø̀re. Saka blir derfor utsatt til dette er meir avklart.

#### **Saksutgreiing**

Grunna avgrensa høve til å sette kart og bilder inn i saksdokument, er saksutgreiinga utan illutsrasjonar.

Sjå saka med bilder (kart, skisser, mm) i eige vedlegg: Saksutgreiing med illustrasjonar 150121.

#### **Bakgrunn for saka**

Uavklara framtidig bruk av kaiområdet.

#### **Saksopplysningar**